

INNTAKSREGLEMENT FOR NORHEIMSUND FRISKULE

1. Alle som fyller vilkåra for opptak i tilsvarende offentleg skule kan vere elev ved Norheimsund Friskule. Skulen har heile landet som inntaksområde. (Friskulelova § 3-1).
2. Rektor står for elevinntaket. I skuleåret kan lærarar og kontaktlærar takast med på råd ved elevopptak. Skulen tek normalt ikkje inn elevar etter 1. oktober. For 10. trinn tek ein ikkje inn etter 1. oktober.
3. Dersom det er ledige elevplassar og ein ønskjer inntak i løpet av skuleåret, må skulen vurdere om det er fysisk plass i tildelte klasserom og grupperom, og om skulen klarer å skaffe nok personale til å gje eit fullverdig skuletilbod til kvar enkelt elev. For skuleåret 2023-2024 set styret ei maksimumsgrense på 8 nye elevar etter teljedata 1. oktober.
4. Frå og med skuleåret 2024-2025 innfører skulen 1. februar som søknadsfrist for komande skuleår. Følgjande søkjarar har prioritet ved opptak dersom det er fleire søkjarar enn skulen har kapasitet til (jf. Friskulelova § 3-1, andre ledd).
 - a) Born til faste medlemmar i styret til Foreininga Norheimsund Friskule.
 - b) Born til tilsette ved skulen.
 - c) Søsken til dei som alt er elevar, eller har vore elev tidlegare. Dette gjeld og fostersøsken.
 - d) Elevar til småtrinnet, etter følgjande prioritering: 1. klasse, 2. klasse, 3. klasse og 4. klasse.
5. Ved opptak kan skulen krevje eit administrasjonsgebyr på kr. 1000,-. Dette vil inngå som del av første foreldrebetaling, men vert normalt ikkje betalt tilbake om søkjaren trekkjer seg.
6. Foreldre kan klage på rektors avgjerd om elevopptak inn for styret for skulen. Statsforvaltaren i Vestland, Utdanningsavdelinga, er klageinstans ved vedtak om inntak. Jf. Forvaltningsloven Kap. 6. Klagefristen er 3 veker.
7. Inntaksreglementet vert vedteke av styret, og det er styret som må gjere eventuelle endringar i reglementet. (Friskulelova § 5-2, 2.ledd pkt. d).
8. Søknadsskjema vert utforma av rektor. Rektor avgjer kva opplysningar skulen skal be om innanfor det regelverket som elles gjeld i slike saker.

Revidert og godkjent av styret for Norheimsund Friskule

5. desember 2023